


# Bygnings- og bummiljøprisen 2016



## Bygnings- og bummiljøprisen vert delt ut for 9. gong i oktober 2016.

Prisen vert delt ut av:  
**Nordhordland Rotaryklubb,  
 Nordhordland Handverk- og Industriag,  
 Region Nordhordland, Bondelaga i  
 Nordhordland og Avisa Strilen**

Prisen vert gjeven til einiskildpersonar, grupper, organisasjonar, verksemdar eller kommunar som gjennom praktisk handling har medverka til betre byggeskikk og bummiljø i Nordhordland.

## Vedtøktet

1. Bygnings- og bummiljøprisen er sett opp av Nordhordland Rotaryklubb, Nordhordland Handverk- og industriag, Bondelaga i Nordhordland, Region Nordhordland og Strilen.
2. Prisen vert gjeven til einiskildpersonar, grupper, organisasjonar, verksemdar eller kommunar i Nordhordland (Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Radøy, Modalen og Gulen.)
3. Føremålet med prisen er å stimulera lokale byggingstradisjonar, vidareutvikla desse og skapa gode bygnings- og bummiljø som er landskaps- og miljøtilpassa. Vidare er den meint å hjelpa til med å utvikla tekstadane og sentra til harmoniske handle- og møteplassar, og gjennom god byggeskikk få til verdiskaping, nye arbeidsplassar og tilsel i regionen. Prisen vert gjeven etter ei samla vurdering.
4. Prisen er kunstverk med inskripsjon og diplom.
5. Juryn er sammansett av representantar frå Nordhordland Rotaryklubb, Nordhordland Handverk og Industriag, Bondelaga i Nordhordland, Region Nordhordland og Strilen. Juryn kan sjølv velja ein medlem frå velforening, senterforening eller bygdeag.

Det kan vera restaurering av bygg, nybygg eller utanomhusanlegg, t.d. bustadhus, garasje, naust, driftsbygning, industribygg, forretningssbygg, grupper av bygg, offentlege bygg eller bustadområde.

Energiøkonomisering, farge- og lyssetting, skifting, hage- og grøntanlegg krytt til ytre bygningsmiljø er faktorer juryn vil leggja vekt på i si vurdering. Det same gjeld materialval og produktutvikling.

Ikke noko anlegg er for lite eller stort til å verta føreslege som vinnar av prisen. Det er heilskapen som er avgjerande.

Prisen kan og gå til veganlegg i privat eller offentleg regi.

**Lesarane, lag og organisasjonar, verksemdar og kommunar vert med dette inviterte til å koma med framlegg til kandidatar til denne spesielle prisen.**

Send gjerne ein e-post til: [stig@strilen.no](mailto:stig@strilen.no) eller send inn kupongen under.

## Mitt framlegg

Underteikna gjer framlegg om:

som kandidat til prisen "Årets bygnings- og bummiljø i Nordhordland 2016".

Grunngjeving:

---



---



---



---



---



---



---



---



---



---

Innsendt av:

Framlegget vert å senda til:

**STRILEN**  
 Kvasnesvegen 23  
 5914 Isdalstø  
**innan mandag  
 19. september 2016**

Merk konvoluttten:  
 "Bygnings- og bummiljøprisen 2016.

**Strilen**

